

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Nedstrand

Emne: Vevigg

Bygdelag:

Oppskr. av: Tore sandsgaard

Gard: Sandsgaard

(adresse): Nedstrand

G.nr. 50 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og opplysingar frå eldre folk

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

1 Til mannsklær vart det bruka 4 skafta vedmål (vadmel) både til overtty (dressar) og underty.

2 Til kvinneklær bruka ein toskafta vedmål det var ~~ikkje~~ ikkje så tjukt som 4 skafta . Det vart bruka både til over- og underty.

3 veit ikkje noko særlegt om dette.

4 Det var bomullsty, vove toskafta, men var ofte kjøpety.

5 Putety var toskafta bomullsty. Det vart ikkje bruka laken med kvitlar, dei var ~~xxxxxx~~ av 4 skafta vedmål.

6 Dukar og serviettar har eg høyrt har vore vovne her.

7 Handklædi var toskafta bomullsty.

8 Åklær og tepper har eg ikkje kunne fått noko greida på. Eg har ikkje sett noko til åklædveving. Eit åklæde kalle ein her for rugga.

II

Me kjenner ikkje noko til dette.

Det ser ut til at tilhövi var slik at ein hadde ikkje tid å laga noko til pynt. Kvinfolki hadde nok med å få til dei naudturvande klær til hus og folk her i bygdi. Det såg ut til at mannfolki tok seg tid til å

krota til ting som dei laga t.d. på knivskaft og treskor.